

Knut Asle Geitle
Eikåsneset 22c
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5753 - 22/75722

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
06.10.2022

Avslutta sak om mogeleg ulovleg tilfelle - gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Tiltak: mogleg ulovlege tiltak
Byggjestad: Gbnr 428/127 Kvalheim nedre
Tiltakshavar: Knut Asle Geitle

Saka gjeld

Kommunen er kjent med at det på din eigedom er oppført forstøtningsmur mot veg.

Informasjon i saka

Du opplyste på telefon at forstøtningsmuren er oppført i samsvar med byggeløyve i 2009, men at det er først no den er blitt oppført i samband med etablering av godkjent mur i sak 20/13332. Vidare opplyste du om at du meiner at den er oppført i tråd med løyve sidan den tidlegare var påbegynt, men ikkje ferdigstilt.

Vurdering

Oppført forstøtningsmur ser ut til å være i samsvar med det som vart godkjent i bygesak i 2009. Plan og bygningslova seier imidlertid at løyve fell bort dersom tiltaket ikkje er satt i gang seinast 3 år etter at løyve vart gitt. Etter kva vi kan sjå er øvrige delar av tiltaket som vart godkjent i 2009 realisert for lenge sida medan muren ikkje er ferdigstilt før i år.

Det er også eit vilkår at det ved påbegynte tiltak som kommunen har godkjent, ikkje skal være stillstand i meir enn 2 år. Kommunen finn det sannsynlig, men ikkje påvist at det har vært stillstand i arbeidet med det godkjente byggeløyvet frå 2009 i meir enn 2 år.

Kommunen er blitt merksam på tilhøvet i forbindelse med oppfølginga av eit anna ulovleg forhold på eigedommen. Ser ein utelukkande på den oppførte forstøtningsmuren som er oppført i samsvar med eit tidlegare gitt løyve der tidsfristen har gått ut, ville det vore naturleg å sjå på omfanget av tiltaket og om det har oppstått nye omstendigheter som endrar på forutsetningane for løyve som vart gitt.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Med tanke på omfanget av det samla tiltaket og verknadene av det vurderer vi påvirkninga på omgivelsane som små.

 Godkjent utomhusplan 2009	 Foto 2022
--	---

Konklusjon

Kommunen avstår frå vidare forfølgjing av saka.

Vi legg vi til grunn at tiltaket er oppført i samsvar med tidlegare gitt løyve, men ser at det er tvil om dette løyvet fortsatt er gjeldande.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knut Asle Geitle

Eikåsneset 22c

5131 NYBORG